

NOTAT

21.05.2021

Oppsummering merknader etter høyring

Midt Telemark kommune har innan 19. april 2021 registrert 96 skriftlege merknader etter høyringsrunden for kommuneplanens arealdel. Sweco har oppsummera merknadene i eige dokument og vurdert tilrådd vidare handsaming av kvar merknad. Føreliggjande dokument oppsummerer utfordringane for kvar teig slik dei har kome fram i merknadene, og syner tilrådingar for korleis å handsame desse vidare.

Utfordring i teig/tema	Oppsummering utfordring	Relatert til innspel nr.	Tilrådd handsaming
MOTSEGNER			
S2 – sentrumsfremål, Bø handelspark	<p><u>Motsegn</u> frå fylkeskommunen mot utvida sentrumsgrense og føresegn om fritak frå plankrav for inntil 7000 m² BRA i S2.</p> <p>Fleire innspel frå organisasjonar og privatpersonar om å ikkje utvide sentrum med S2, og å halde på dei vilkåra som er i føresegnene. Fagleg råd frå Statsforvaltaren og ønskje frå Sentrumsringen om auka krav til minimumsstorleik på handel frå 1000 til 1500-2000 m². SVV gjer merksam på at negative konsekvensar for trafikktilhøva.</p> <p>Handelsparken gjer framlegg om presisering av føresegner om at café ikkje skal ha eigen inngang. MTNU påpeiker tydinga S2 har for handelslekkasjen til andre regionar.</p>	23, 26, 32, 35, 62, 70, 73d, 83, 95	Dialog med Vestfold og Telemark fylkeskommune.
Føresegner §2.1.2 og 3.4.2 c).	<p><u>Motsegn</u> frå fylkeskommunen om fritak for plankrav i §2.1.2 og opning for spreidd bustadbygging 3.4.2 c). Grunngeve i at omsynet til mjuke trafikantar ikkje er teke vare på då.</p>	95	Dialog med Vestfold og Telemark fylkeskommune. Dokumentasjonskrav i føresegner vil gjere at motsegn trekkjast.

A1 – Massedeponi/ komposterings- anlegg Rallevegen	<p><u>Motsegn</u> frå Statsforvaltaren pga manglande kartlegging av naturtypar.</p> <p>Krav frå fylkeskommunen om at fylkesveg må utbetrast før utbygging. Naboar, andre privatpersonar og nokre organisasjonar er imot komposteringsanlegget pga. luktsjenanse, redusert høve til friluftsliv i Folkestadåsane, trafikk i Rallevegen, avrenning til Høreteåi.</p>	<p>8, 39, 51, 58, 60, 61, 69, 78, 79, 95</p>	<p>Dersom området skal vere med vidare, bør naturmangfaldet kartleggast. Utfordringane elles vurderast som løysbare i reguleringsprosess.</p>
I2 Motorkrossbane Rallevegen	<p><u>Motsegn</u> Statsforvaltaren pga manglande kartlegging naturtypar. Krav frå VTFK om at fylkesveg må utbetrast før utbygging. Naboar, andre privatpersonar og nokre organisasjonar er imot MX-bana pga. støy, redusert høve til friluftsliv i Folkestadåsane, trafikk i Rallevegen, tap av naturmangfald.</p> <p>Nokre privatpersonar og organisasjonar er positive til tiltaket, men ikkje i I2 utan nærare utgreiing. Det stillast krav til alternativvurderingar. Andre er positive til aktiviteten også i I2.</p>	<p>8, 13, 39, 51, 58, 60, 61, 65, 69, 73f, 76, 78, 79, 95</p>	<p>Dersom området skal vere med vidare, bør naturmangfaldet kartleggast. Utfordringane elles vurderast som løysbare i reguleringsprosess.</p>
B28/29 - Bustad «Haukvik»	<p><u>Motsegn</u> frå Statsforvaltar. Mange private merknader, som ønskjer å prioritere naturmangfald framfor bustader. Eit innspel er kritisk pga. bilbasert utbygging. Grunneigar og nokre private ønskjer å prioritere bustad framfor naturmangfald.</p>	<p>3, 6, 40, 45, 57, 58, 60, 61, 66, 69, 73b, 75, 77, 78, 79,</p>	<p>Motsegna kan løysast ved å endre føresegnene som Statsforvaltaren tilrår. Eventuelt å ta området ut.</p>

MERKNADER TIL AREALFØREMÅL

A2 – båtbygge – Gvarvhølen	<p>Negative merknader frå næringsaktørar, private, organisasjonar. Privatisering av strandsona, omsyn til fisk, straumtilhøve, erosjon og driftstilhøva til Teksten camping er hovudtema. NVE påpeikar dokumentasjons- og ansvarstilhøve. Fare for store konsekvensar. Grunneigar viser til at verken bygge eller båtar skal stikke ut i elva, og vil gjere tiltak for å unngå erosjon.</p>	<p>10, 11, 15, 18, 69, 73c, 79, 86, 96</p>	<p>Administrasjonen vil framleis rå frå A2. Dersom området blir teke med vidare må det vere tydlege krav i føresegnene til reguleringsplanprosessen, særleg når det gjeld erosjon, straumtilhøve og biologisk mangfald.</p>
---------------------------------------	---	--	---

A3 – hytterenovasjon - Sandamoen	Naboar er imot lokalisering av ny renovasjonsløyising pga lukt, støy, ljøsforureining.	50	Utfordringane vurderast som løysbare i reguleringsprosess
BA1 - Tømmerterminalen	Innspel om føretrukne alterantiv. Areal som ikkje blir brukt til bane må tilbakeførast til LNF. Det bør settast krav til støyhandtering og overvasshandtering.	69, 74	Må avklarast i seinare prosessar. Føresegnene kan presisere krav.
B4 – Bustad - Nykås	Naboar er negative til B4 grunna utbyggingsmønster, vegtilkomst.	21, 52, 56	B4 kan takast ut. Dette vil vere i samsvar med arealstrategiar i samfunnsdelen. Dersom området blir teke ut bør det bli innlemma i det omkringliggende føremålet LNF spreidd bustad. Då bør kvoten i det eksisterande området for LNF spreidd bustad bli justert noko opp.
B7 – Bustad - Hørte	Ønske om at rekkefølgekrav utgår og at grønstruktur blir gjort om til LNF.	12	Kartet og planen er vidareført frå tidlegare planar og ikkje relevante lenger. Endringane er uproblematisk.
B24 – Bustad - Bergenåsen	Mange negative merknader frå naboar og organisasjonar. Grunneigar og arkitekt ønskjer framleis å ha feltet med i KPa.	8, 14, 24, 49, 94,	Tiltakshavar i B24 har ikkje synt gjennomførbar løyising for vegtilkomst i høyringsprosessen, feltet bør difor takast ut i tråd med vedtak i formannskapet.
B25 – Bustad - Ødegårdsfeltet	Kommunen bør vurdere fortetting av Gvarv før ein opnar for dyrkbar mark.	69	Innspelet er teke til etterretning, og må bli avgjort politisk.
B26 – bustad - Breisås	Mange negative merknader mot B26 frå private og nokre offentlege. Trafikktryggleik, bilbasert utbyggingsmønster, nedbygging av nærrekreasjon og støy er hovudtema.	16, 17, 25, 28, 29, 31, 33, 34, 38, 45, 53, 58, 60, 61, 72, 77, 79, 82, 85, 92,	Utfordringane vurderast som løysbare i reguleringsprosess.
B27 – Bustad - Sisjord	Statsforvaltaren tilrår at området blir teke ut	69	Innspelet er teke til etterretning, og må bli avgjort politisk.
F3 – Fritidsbustad – Slåttedalen	Partiet Raudt har bede om å tak ut F3 frå KPa med bakgrunn i reduksjon av klimagassutslepp.	73e	Tilråding om ingen endring då KU har konkludert med at F3 er forsvarleg.

BN11 – LNF spreidd bustad	Tidlegare B16 på 33/1 Breskelia ønskast oppretthalde som bustadområde, ikkje LNF spreidd bustad.	2	Ingen endring, grunna arealstrategiar i kommuneplanens samfunnsdel.
N6 – næring- Hørte	Fleire private merknader som ikkje ønskjer realisering av N6 med bakgrunn i trafikktryggleik i eksisterande bustadområde på Hørte. Statsforvaltaren rår i frå.	36, 63, 69, 87,	Utfordringane vurderast som løysbare i reguleringsprosess
N22 – Næring - Beverøya	Motstridande merknader om prioritering av industri/næring eller høve til utviding av Beverøya camping.	7, 26, 43	N22 er interessant for både Grivimoen og Beverøya. Føresegner kan endrast til å gje heimel for både utviding av camping og annan næringsutvikling.
R13 – Råstoffutvinning – Hellestad sandtak	Ønskje om anna avgrensing. Øydelegg stisamband og turmål. Det er manglar naturtypekartlegging. Omfanget er problemet.	8, 79	Ingen endring . Avgrensinga er nøye vurdert av administrasjonen.

FØRESEGNER og ANDRE TEMA

Massetak	Dirmin ønskjer endring av avgrensingar i tråd med gjeldande reguleringsplanar og å krevje regulering før konsesjon kan gjevast. Statsforvaltaren ønskjer at føresegnene skal sikre samsvar med forureiningsforskrifta og minst 10 meter buffersone mot vassdrag.	30, 69	Kommuneplanen bør endrast i tråd med merknader frå DIRMIN, med unntak frå B1 og N17, som syner korleis regulerte areal skal brukast når uttak er gjennomført.
Sentrum Akkerhaugen	Grunneigar på 159/34, 160 ønskjer reduksjon i krav om bustadtettleik.	46	Tilråding om ingen endring. Må sjåast på som nytt innspel, i strid med arealstrategiar.
Føresegnområde #9	Herremo sandtak ønskjer å redusere omsynssone #9.	48	Tilråding om ingen endring. Drift av masseuttak må ta omsyn til friluftsliv i dette området.
Føresegner KDP Lifjell	Fleire merknader som står opp under endring av føresegner. Ønskje om at føresegner i KPa også skal gjelde framfor føresegner i vedtekne reguleringsplanar innanfor KDP Lifjell.	11, 55, 91	Tilråding om ingen endring, kvar reguleringsplan må sjåast på individuelt.
Trafikktryggleik	Ønske om GS veg langs RV 36 frå Forberg – Brekke/Vefall. Norsjø ferieland bør få betre tilkomstveg. GS-veg mellom Telemarkshallen til Lifjellvegen bør leggest inn. Forslag om endringar i føresegnene om rekkefølgekrav.	11, 41, 57	Tiltaket langs RV36 ligg i kommunens trafikksikringsplan. Norsjø ferieland har rekkefølgekrav om tilkomstveg. Rekkefølgekrava bør takast til følge.

Branntryggleik	Innspel frå Midt-Telemark og Nome brannvesen.	4	Føresegnene bør vise til rettleiaren.
Tettstadgrense Gvarv	Ønske om at eigedomane 194/71 og 139/22,23 og 36 kjem innanfor tettstadgrensa til Gvarv	20	Tilråding til ingen endring. Dette må sjåast på som eit nytt innspel, og tettstadgrensa påverkar i liten grad tilhøva til eksisterande bustader.
Byggegrense	Byggegrense mot dyrka mark bør vere 30 meter	14	Tilråding om ingen endring. Det er ulike haldningar om byggegrensa, så 20 meter er eit kompromiss.
Bustad i LNF	Det bør vere mogleg med bustad i LNF-område	14	Ingen endring. Bustad samsvarar ikkje med LNF-føremålet.
Straumnett	Statnett ber om justerte føresegner og korrigert faresone.	37	Innspela frå Statnett bør takast til følge.
Barn og unge	Forslag om å ta inn kvalitetskrav for leikeplassar i føresegnene. Trygg skuleveg bør sikrast i LNF-område	69, 95	Innspelet blir teke til etterretning.
Gravplass	Gravplassar bør visast som Grav- og urnelund	69	Innspelet blir teke til etterretning.

ØNSKE OM Å TA OMRÅDE INN ATT

Nordbøåsen sør	Grunneigar ønskjer framleis å ta med feltet i KPa. Det er mange merknader frå private og nokre offentlege, som står opp under at feltet ikkje er teke inn i KPa. Miljøhygienisk avdeling viser til støyutfordring.	13, 27, 45, 82	Administrasjonen rår frå å innlemme søndre del av Nordbøåsen i ny Kpa fordi det er god nok kapasitet i eksisterande bustadområde for denne perioden, jf. konsekvenesutgreiing og innstilling til 1. gongs politisk handsaming.
Skåråfjellia	Grunneigar ønskjer å få feltet inn slik i gjeldande KPa Sauherad. Naboar er negative til feltet og særleg tilkomstar til det. Truleg ikkje høve til vegrett utan ekspropriasjon.	19, 21, 56, 64, 80, 90,	Administrasjonen vil rå frå å take Skåråfjellia inn att i KPa, både fordi det er i strid med arealstrategiar og fordi tilkomstveg framleis er uavklart.
195/27 Årnes	Bustadområde på Årnes som er foreslått tatt ut, er ønska oppretthalde.	1	Tilråding om ingen endring. Vurderinga om at bustadområdet ikkje samsvarar med arealstrategiane i kommuneplanens samfunnsdel står seg.
Gullhaug	Grunneigar ønskjer at tidlagre område F blir teke inn att i KPa.	67	Tilråding om ingen endring pga dyrka og dyrkbar mark.

Breskelia	Grunneigar ønskjer om at tidlegare bustadområde B16 blir teke inn att.	2	Tilråding om ingen endring. Vurderinga om at bustadområdet ikkje samsvarar med arealstrategiane i kommuneplanens samfunnsdel står seg.
191/50 Brenna	Ønskjer at området som var regulert som næring (D2 i gjelande plan) blir vidareført i K2 Brenna	9	Ingen endring. Alle uregulerte byggeområde med potensiell flaumfare er teke ut konsekvent. Området er opparbeidd til dyrka mark.

NYE FORSLAG TIL ENDRA AREALBRUK

191/8 Østtveit	Nytt arealinnspeil om massetak.	54	Tilråding om at dette må vente til neste rullering av arealdelen.
Bane Akkerhaugen	Bane Nor ønskjer at banearealet innanfor S4 blir lagt ut som baneformål i staden for sentrum S4.	68	Tilråding om ingen endring. I sentrumsteigar inngår alle trafikkområde i sentrumsarealet.
181/5	Ønskje om å dele frå bustadtomter	47	Ingen endring. Spørsmålet blei vurdert i samband med siling.